

## **Innspel frå personalet ved Åkra skole til høyringsbrev ang forslag til endringar i forskrift om inntaksområder for Åkra skole, Sevland skole, Grindhaug skole og Ådland skole i Karmøy kommune.**

Saka om endringar i forskrifta om inntaksområde for skulane i sone 2, unntatt Vea, skapte store reaksjonar hos personalet på Åkra skole. Vi har akkurat starta eit nytt skuleår. Dette skuleåret er spesielt på grunn av fagfornyninga. Dette i seg sjølv krev både tid og ro for å kunne planleggje og omstille arbeidsmetodar etter den nye læreplanen for alle i personalet. I tillegg har vi auka arbeidsbyrde p.g.a Covid-19. Her er det snakk om både å overhalda smittevernreglane og den auka arbeidsmengda med omsyn til sjukefråver o.s.v. På toppen av dette kjem saka om forslag til endringar av inntaksområder, og den kom veldig brått på. Vi fekk vite at skuleetaten ville ha eit møte med personalet dagen før møtet skulle avhaldast. Møtet varte i kun 20 minutt. Vi fekk veldig kort førebuingstid til å setje oss inn i saka. Sidan både innkallingsfristen og møtet var så kort, var det heller ikkje tid til å stille alle dei spørsmåla vi hadde. I tillegg skapte denne saka stor frustrasjon og usikkerheit i personalet, med tanke på reduksjon av personalet allereie frå hausten 2021.

Personalet ved Åkra skole set spørsmålsteikn til desse strakstiltaka som ligg i høyringsutkastet. Å endre skulegrensene, slik at eit antall elevar blir tekne ut av ei etablert gruppe og klassemiljø og sett inn i ei ny gruppe, vil ha innverknad på alle partane slik vi ser det. Dette vil vere svært opprivande både for dei elevane som må flytte på seg midt i eit skuleløp, og dei elevane som blir igjen. Elevane mistar bestevenner, venner og klassekameratar. Det vil også vere opprivande for familiare til dei involverte og skulen på fleire område.

Barnekonvensjonens artikkel 3, første ledd seier: «*Ved all handling som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn*» I kva grad er barnets beste tatt hensyn til i denne saka? Det er ei kjent sak at eit byte av skule og læringsmiljø kan eller vil setje barnet tilbake i utviklinga. For sårbare elevar kan dette få alvorlege konsekvensar. Dei må byggje opp relasjonar på nytt i den nye klassen og på den nye skulen.

Opplæringsloven §9a-4 seier vidare «*Alle elevar i grunnskoler og vidergående skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring*». Om elevar blir tvungne til å skifte skule, fremjar ikkje det helse, trivsel og læring. Tvert i mot kan denne tvangsflyttinga føre til mistrivsel som igjen kan føre til redusert læring.

Åkra skole har sett i gong ulike mindre omfattande tiltak dei siste åra i påvente på eit nytt skulebygg.

- Småtrinn og mellomtrinn har ikkje friminutt på same tid. Ved å dele friminutta opp på denne måten, får elevane større plass. Byparken som ligg i kort avstand til skulen er også i bruk for å avlaste uteområdet.
- Skulen har jobba mot å bli ein ein-parallell skule i tre år. Dette ved å berre tilby nynorsk som målform til dei nye skulestarterane. I løpet av dei neste fire åra vil skulen vere ein ein-parallell skule utan regulering av skulegrensene. Skuleåret 2020-21 er det ein-parallell på 1.-3. trinn medan det er to parallelar på 4.-7. trinn.

- Åkra skule har tidlegare hatt eit høgare elevtal enn det vi har i dag. Prognoser viser som tidlegare nemnt at elevtalet vil bli enda lågare innan kort tid. Dette kan skje utan endring av skulegrensene. Det som er blitt lova før i forbindelse med ny skule, viser at det er mindre tid igjen å vente på ny skule, enn den tida vi har hatt problemet.

Tabellen under viser at Åkra skole er ein ein-parallell skule i 2024-25 utan endringar i inntaksområda.

Eleveprognose Åkra skole:

Fødselsår: Skuleår:	2014 2020-21	2015 2021-22	2016 2022-23	2017 2023-24	2018 2024-25	2019 2025-26	2020 2026-27	
1. trinn	22	26	28	19	21	24	13	*prognoser per 25.08.2020
2. trinn	26	22	26	28	19	21	24	
3. trinn	20	26	22	26	28	19	21	
4. trinn	26	20	26	22	26	28	19	
5. trinn	30	26	20	26	22	26	28	
6. trinn	36	30	26	20	26	22	26	
7. trinn	39	36	30	26	20	26	22	
<b>Sum elevar:</b>	<b>199</b>	<b>186</b>	<b>178</b>	<b>167</b>	<b>162</b>	<b>166</b>	<b>153</b>	
<b>Antall klassar:</b>	<b>11</b>	<b>10</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	
<b>Snitt per klasse:</b>	<b>18,1</b>	<b>18,6</b>	<b>19,8</b>	<b>20,9</b>	<b>23,1</b>	<b>23,7</b>	<b>21,9</b>	

Dersom dette tiltaket av endring av inntaksområder blir satt i verk frå hausten 2021, vil Åkra skole komme dårleg ut med tanke på bemanning. Dette fordi når elevtalet blir redusert, blir også personalet redusert. Det er tre trinn som er to-parallell p.g.a målform. Vil det sei at det personalet som blir igjen skal fordelast på like mange klassar? Ein kan ikkje slå saman bokmål- og nynorsk-klassar. Dette er etter vår meining ikkje forsvarleg på mellomtrinnet. Det kan altså bli færre pedagogar og miljøarbeidarar på like mange klassar som nå.

Alle tilsette, både pedagogar og miljøarbeidarar, på Åkra skole insisterer på at forslaget til endring i inntaksområda blir avvikla med omsyn til elevane, og familiane deira og dei tilsette.

Tone Færøvik.  
Plasstillitsvalgt Skolenes Landsforbund.

Kathrine Simonsen  
Plasstillitsvalgt Utdanningsforbundet.